Bygdekinoen

For meir informasjon: www.bygdekinoen.no

Hovden: tysdag 12.02
Kl. 17:30 - **RIVE-ROLF KRÆSJER INTERNETT (**Norsk tale (6 år)
Kl. 19:30 - **BORN2DRIVE**

Middagsfellesskap i Bykle kyrkje våren 2019

Me inviterer til middag i kyrkjekjellaren fylgjande dagar:

- Tysdag 5. 2 kurdisk mat v/vaksenopplæringa
- Tysdag 5.3
- Tysdag 2.4

Middag frå kl 16:30. Pris kr 50,- for vaksne, born u/10 år gratis.
Velkomen!
Arr: Diakontenesta i Bykle

Møte i kyrkjekjellaren

Møte i Bykle kyrkje, kyrkjekjellaren, onsdag 20.februarkl.19.
Tale av Hans Johan Sagrusten (video-overføring)
Hjarteleg velkomen!
Arr: NLM

Gudstenester og møte

Facebook: Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad
www.valle.kyrkja.no /www.bykle.kyrkja.no

Sundag 3.feb kl.19.00: Gudsteneste i Bykle kyrkje. Utsending av Torun R. Mørenskog til arbeid i Sjømannskyrkja. Kyrkjekaffe og kake.
Sundag 17.feb kl.10.00: Gudsteneste i Fjellgardane kyrkje. Ofring til Det Norske Misjonsselskap
Sundag 3.mars kl.16.00: Gudsteneste i Fjellgardane kyrkje. Karnevalsgudsteneste!

DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad

Møte i Trydal bedehus

Fredag **8. februar kl.18.00**. Misjonær Cyril Pedersen fortel om misjonsarbeid i Argentina
Turid og Karl Torstveit og Sigrid Bjørgum deltek med sang og musikk. Kollekt og kveldsmat. Velkomen.
Arr: Trydal misjonslag

Innsamling til Ukraina.

16. februar, kjem Hallvard Hasseløy for å hente klede, sko og slikt som vert sendt til Ukraina. Det trengs alle slags klede og sko. Det er kalde vintrar og varme somrar der. Dersom du vil vite meir om dette så sjå www.openheart.no
Vi på Klippen samarbeider med Frivilligsentralen, slik at vi sender mjuke ting og gir harde ting vidare til dei. Vi vil gjerne ha fraktpengar 50kr per sekk, til konto 28901125289. Ta kontakt med Sigrid Bjørgum 95807743 dersom du vil levere noko.

Alle er velkomne til Klippen i Bykle laurdag 16. februar kl. 12! Då får du høyre om prosjektet av Hallvard Hasseløy. Han fortel så levande at du kan både le og grine!
Me serverer suppe og braud frå klokka 11.00 og fram til møtet begynner. Lastebilen med klede reiser ca klokka 10!
Arr: Klippen pinsemenighet v/Sigrid Bjørgum

Gospel konsert

Hald av måndag 4. mars!
Stor konsert i Bykle kyrkje kl 19.00.
Black gospel med Elsa Harris frå Chicago og Angela Prim frå Nashville.
Lokalt prosjektkor er også med.
Billett:
kr 150,- for vaksne,
kr 50,- for ungdom over 12 år.
Konserten er sponsa av Bykle sokneråd
Billettsalg ved inngangen . vipps eller kontant
Førehandstinging av billettar: sjeiskeli@gmail.com

Følg Bykle kommune på facebook

Byklaren

eit informasjonsblad frå Bykle kommune

Februar **2019** | **30. ÅRGANG** | **OPPLAG 900**

Møt Thor Gotaas og Oddvar Brå

Hovden Grendehus laurdag 9. feb. kl. 16.00

- **Presentasjon av boka**
- **Film om Oddvar Brå**
- **Gotaas intervjuar Brå**
- **Sal av boka**



Billett:
200 kr vaksne
100 kr barn/ungdom/vidareg.
Førehåndssal på www.ebillett.no

Velkomen til ein skikkeleg skihistorietime!

Arr: Kultur & fritid og Folkeakademiet Bykle

Kulturkafe

Grunna omlegging av datoar for kino, må vi endre på datoane for kulturkafeane i vinter. Februar går ut fordi vi på datoen som var tenkt, skal ha ei markering på Hovdetun av samefolkets dag 6. februar - sjå eige oppslag.
Så vert det kulturkafe/debattkafe på Bykle samfunnshus 6. mars kl. 18! Då har vi invitert alle politiske parti i Bykle til å stille i debattpanel. Meir info kjem i marsutgåva av Byklaren, på Facebook m.m.

Helsing kultur & fritid

HOVDENTOUR

Vil du være frivillig på HovdenTour?

16.mars blir årets HovdenTour arrangert.
Folk i Bykle kommune er utrolig flinke til å støtte opp- om dette arrangementet, som funksjonærer. Dersom du ikke allerede har meldt deg på som funksjonær, har du fortsatt mulighet til å bli en del av arrangørstaben. Funksjonærene får jakke og lue som takk for hjelpa.
Vil du være frivillig må du kontakte Roar Hjelmeset på:
Roar@hovdentour.no

ORDFØRAREN INFORMERER

Konsesjonskraft IKS, også kalla KIKS, er eit viktig selskap for Bykle kommune. KIKS er eit samarbeid på Agder, mellom 20 kommunar og dei to fylkeskommunane. Oppgåva er å forvalte konsesjonskrafta for desse, slik at den økonomiske avkastninga blir best mogleg.

Alle kraftutbyggingar som nyttar regulert vassføring må gje om lag 10% av produksjonen til den einskilde vertskommunen og fylkeskommunen til sjølvkostpris. Det er denne kraftavståinga som KIKS forvaltar på vegne av eigarane. (ref. heimesida til KIKS).

Kraftforvaltning er komplekse operasjonar, som krev høg kompetanse. KIKS sitt kontor i Valle har tre tilsette, som berre jobbar med forvaltning av konsesjonskrafta. Bykle kommune aleine fekk i 2018 eit utbytte av denne forvaltninga på 13 millionar kroner. Ordninga representerer store verdiar, og er med på å finansiere dei gode fellesskapsordningane kommunen har.

Dei tilsette i KIKS har kompetanse innanfor vasskraftfeltet som er viktig for kommunen. Ein stor del av kommunens økonomi er knytt til kraftproduksjonen. Eit felt som er stort og komplekst, og krevjande å fylgje med på. Det er ein tryggheit å ha folk som jobbar for våre interesser, og som har kompetanse på problemstillingane som dukkar opp.

Eg sit i styret i KIKS. Styret er leia av fylkesordføraren i Vest Agder, Terje Damman, og er tverrpolitisk satt saman med folk frå heile Agder. Målet er å ivareta og vidareutvikle desse ordningane for kommunane. Vår jobb er å sikre ei forsvarleg forvaltning og eit føreseieleg økonomisk utbytte.

Konsesjonskraftordninga er truga av sterke krefter, både politisk og i kraftbransjen, som ynskjer å redusere/ fjerne den. Konsesjonskraftinntektene er ein kompensasjon til dei kommunane som har store ulemper frå kraftutbygginga.

Det er distrikta som har vasskrafta, det er ein formidabel fornybar verdi som må forvaltas, og som heile Noreg nyt godt av. Konsesjonskraftordninga er 100 år gamal, vi i Bykle er med å kjempar for at ordninga og skal overleve dei neste 100 åra.

Spleiselag på vinterløyper!

Vi oppmodar alle om støtte i form av eit frivillig løypebidrag. For sesongen 2018/19 ber vi om 700 kr. pr. eining/hytte/leilegheit/hus.
Betal til kontonr. 3000.37.70970
eller Vipps til 78203.

Informasjon frå Bykle kommune

www.bykle.kommune.no

Byklaren

Byklaren er eit kommunalt informasjonsblad. Vi tek med kunngjering om arrangement og aktivitetar i regi av lokale lag og organisasjonar. Kommersielle hendingar i kommunen kan få ei redaksjonell omtale.

Byklaren kjem ut som fylgjer i 2019:

mars (frist 15. februar), **april** (frist 15. mars), **mai** (frist 15. april), **juni** (frist 15. mai), **juli/august** (frist 15. juni), **september** (frist 15.08), **oktober** (frist 15.09), **november** (frist 15.10) og **desember** (frist 15.11)

Send tekst og bilete til: byklaren@bykle.kommune.no

Politiske møte, sakspapir og protokollar

www.bykle.kommune.no/Innsyn
Planutvalet: 11.2 kl. 18:00
Formannskapet: 4.2 kl. 18:00
Kommunestyret: 28.2 kl. 18:00
Høyr opptak frå Bykle sine kommunestyremøter.

«Shadow» i januar:

Jr-klubb (5. – 7. trinn):
6.2 - Hovden, kl. 17.30-20.00.
20.2 - Bykle, kl. 17.30-20.00.

Klubb (13 – 18 år):
8.2 - Hovden, kl. 19.00-22.00.
22.2 - Bykle, kl. 19.00-22.00.

Bykle Frivilligsentral

Mondagar:
«Kafé for Alle» kl. 11-14, Sarvsvegen 12
Snikkargruppe i frå kl. 13 i Mosdølsvegen 14
Ungdomskafé 17-20.30 på ungdomsklubben i Bykle
Tysdagar:
«Gågruppe for alle» i Bykle, oppmøte utfor Bykle Frivilligsentral, Sarvsvegen 12, kl. 18-19
Onsdagar:
Spitegruppe i Trydal Grendehus, kl. 19-21
Torsdagar:
Ungdomskafé kl. 17-20.30 på ungdomsklubben i Bykle

Informasjon frå kultur

Nærare informasjon om kulturmidlar, kulturpris og utviklingsstipend finn du på kommunen si nettside under «Kultur og fritid» og vidare under fana «Tilskotsordningar kultur».

Kulturpris, fristen for framlegg er 1. mars.
Kjenner du til enkeltpersonar eller lag i Bykle som fortener kulturprisen? I så fall vert du oppfordra til å sende inn ditt framlegg. Bykle kommune ynskjer på dette viset å heidre personar eller lag som gjer ein ekstra innsats innan kulturelt arbeid. Send framlegg til postmottak@bykle.kommune.no

Utviklingsstipend, søknadsfrist 1. mars.
Bykle kommune har eit utviklingsstipend ein kan søkje på om ein er ungdom i alderen 16 – 21 år og held eit høgt nivå regionalt eller nasjonalt innan kulturelle uttrykk som musikk, dans, idrett, skrivekunst, biletkunst og liknande.
Send søknad til postmottak@bykle.kommune.no

Kulturmidlar, søknadsfrist er 1. april.
Bykle kommune deler årlig ut kulturmidlar til friviljuge lag og organisasjonar som driv kulturelt arbeid innan kommunen eller er med i interkommunalt samarbeid. Aktiviteten/laget må vere ope for alle. I høve til vurdering av storleik på tilskotet blir det lagt vekt på medlemstal, aktivitetsnivå og kostnadsnivå. Organisasjonar som driv med barne- og ungdomsarbeid i Bykle kommune skal prioriterast. Les gjennom det elektroniske søknadsskjemaet for å sjå kva for opplysningar ein må ha med når ein skal søkje om kulturmidlar på https://www.bykle.kommune.no/tilskotsordningar-kultur.294891.nn.html

---

Kafétreff

Bykle hotell torsdag 31/1, 28/2, 28/3, 25/4, 23/5, 27/6
Frå kl 11.30 til 15.00. Middag/dessert & kaffi kostar 145 kr.
Påmelding til Bente på tlf 37938655, før kl 15. dagen før .

Kva kurs er det interesse for i Bykle?

Datakurs med ulik vanskegrad og tema, slektsforskning, fotografering, teikning, båtførarbevis, jegerprøven, matlagingskurs, språkkurs (oppfriskningskurs engelsk, spansk, fransk osv.), kompetansegjevande kurs, - kunne du tenkje deg å melde deg på eit slikt kurs eller kurs med andre tema? Fint om du kjem med dine forslag til kurs så kanskje me får til eit eller to i vinter/vår! Det kan gjerast på tlf. 909 84833, e-post leif.kvinlog@bykle.kommune.no, Bjårlii 27 i Bykle, når du treff meg på butikken, på kino, på riksveg 9, på kulturkafe eller på facebook.
Kultur & fritid v/kulturrådgjevar Leif Kvinlog.

Bykle kommune
BYKLE SER LANGT
Sarvsvegen 14, 4754 Bykle
Mån – fre: 08:00 – 15:30
T: 37 93 85 00
E: postmottak@bykle.kommune.no

Tømekalender

Restavfall: 13.2
Matavfall: 13.2, 27.2
Glas/metall, papir og plast: 27.2
Gjenvinningsstasjonen på Tykkås har ope:
- Kvar torsdag: 12:30 - 18:30.
- Den 1. laurdagen i kvar månad frå kl. 09:00 til 15:00.

Kontaktinfo: Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS.
T: 37930040 post@smg-iks.no Sjå www.smg-iks.no

Tannlegar

Bykle tannklinikk - 37938617, Bykle helsesenter.
Klinikken er open: Kl. 08:00 - 15:15
Oddetalsveker: tysdag, onsdag, torsdag, fredag.
Partallsveker: tysdag, onsdag.
Vi har ledig kapasitet og tek gjerne imot nye pasientar!

Hovden Tannklinikk, Hovdetun - Ring 37885588 for time.

Boksirkel

Boksirkel på biblioteket på Hovden grendehus
onsdag 13/2 kl. 19-20.
Vi leser boka *Snøblomst og den hemmelige vifte* av Lisa See.
Biblioteket kan skaffe boka viss du vil vere med.
Velkomen!
Arr: Biblioteket .

Årsmøte/nominasjonsmøte Bykle KrF

Hovden Grendehus **torsdag 14. feb. kl. 18.00.**
Enkel servering

Bykle KrF

Årsmøte for Bykle og Valle kunstlag

onsdag 13 februar kl.18:00 i biblioteket i Valle. Nye og gamle medlemmer velkomne.

Årsmøte i Fjellgardane husflidslag i

Husflidsgarasjen **onsdag 13/2 kl. 18.**
Vanlege årsmøtesaker og mat.

Velkomen!

Årsmøte folkeakademiet i Bykle

Folkeakademiet i Bykle har årsmøte på Hovdestøylen
onsdag 27. februar kl. 19. Matserving.
Saker til årsmøtet må være styreleder Randi Steinsholt i hende senest 13. februar.

Vi ønsker ny og gamle medlemmer velkommen!

Evergreen med Skromlehjulet figurteater!

Bykle samfunnshus, kinosalen, **torsdag 7.februar kl. 17.30.**
Passar bra frå ca. 3 år og opp – gjerne saman med eldre!
Gratis inngong!

Språkkafe

Språkkafé på biblioteket på Hovden grendehus **tysdag 26/2 kl. 18-19.**
Velkomen til deg som treng øve på å snakke norsk OG til deg som vil bli kjent med nye folk.

Årsmøte Hovden og Bykle hundeklubb

Tysdag 26.02.19 kl. 19.00 på Hovden grendehus - lesesalen.

Agenda:
1. Opning v/leiar
2. Godkjenning av innkalling
3. Val av ordstyrar og referent
4. Årsmelding
5. Rekneskap
6. Budsjett
7. Handlingsplan
8. Innkomne forslag
9. Val av styre og komitear

Innkomne forslag må vere styret i hende innan 2 veker før årsmøtet, seinast 12.februar.

Hovden Pistolklubb: Terminliste vår 2019

Alle skjotingar er på torsdagar og startar kl. 1900:

17/1	Hovden	John Are Hegstad
31/1	Bykle	Bjørgulf Nesland
14/2	Hovden	Olav Skinnarland
28/2	Bykle	Dag Yngvar Moseid
14/3	Hovden	Kliff Erik Hoslemo
28/3	Bykle	Pål Georg Ryningen
11/4	Hovden	Knut Inge Repstad
25/4	Bykle	Åsmund Hoslemo
9/5	Badstogviki	Olav Skinnarland
23/5	Badstogviki	Ånund Nomeland
6/6	Badstogviki	John Are Hegstad

Ånund Nomeland